

Gjøa Ese og Reidar Berntsen,  
Kyrkjevegen 15,  
5911 ALVERSUND.

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
27 AUG 2019	
Ark. saksnr. 15/2/47	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Alversund, 23.08.19

### Høyringsuttale vedk. «Vegplan ny Alversund bru».

Vi forstår godt behovet for ny bru og ein trygg og effektiv veg !

Vi har lite forståing for den føreslåtte rundkjøringa. Det kan umogleg vere naudsynt med dette enorme beistet mitt i Alversundbygda, det er direkte øydeleggjande for heile bygda. Vi har kun eit flatt kart å halde oss til, men elende kan vi sjå føre oss !


**Skal vi verkeleg prioritera nokre få minutt raskare kjøring til/frå Knarvik opp mot folk og fe og livsverk, grøntareal, kulturminne trivsel og det rolige turområde og yndet fotomotiv, Den Indre Farleia.....????**

Det finst andre måtar å dempe kjørefarten på enn ved hjelp av ei rundkjøring !

Dersom rundkjøring vert vald bør den få plass i området ved bruovergangen, på nord- eller sørsida av denne. Då kan ein sette av arealer som vert frigjort i samband med byggjing av ny skule. Eksisterande vegar bør i størst mogleg grad nyttast, m.a. den «splintrandes» nye vegen i Kyrkjevegen.

**Kyrkja i Alversund er eit kjent landemerke for sjøfarande, - lat det framleis vere slik !!!!**

Med vennleg helsing

  
Gjøa Ese

  
Reidar Berntsen